

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Sula kontrollutval  
**Møtestad:** møterom 1. etasje, rådhuset  
**Dato:** 11.02.2026  
**Tidspunkt:** kl. 14:00 - 16:30

---

### Følgjande medlemmer møtte

Kristin Siv Alnes  
Randi Nyhaug  
Svein Olav Værnes  
Sverre Østrem  
Trygve Holm

### Møtenotat

Frå administrasjonen møtte:

- kommunalsjef Jarl Anders Moe
- HR leiar Torry Larsen
- einingsleier John - Magne Eikrem
- kommunalsjef Per Arne Christensen
- kommunalsjef Gunnhild Fjeldvig Tørlen

Frå Møre og Romsdal revisjon SA deltok dagleg leiar Martin Gjendem Mortensen og forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik.

Ordførar Turid Kristin Sand Humlen var til stades under heile møtet.

Trygve Holm  
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar SKS IKS



## **Sakliste**

|          |                                                                                                   |
|----------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|
| PS 01/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte                                 |
| PS 02/26 | Orienteringar                                                                                     |
| OS 01/26 | Orientering om nye retningslinjer for bygg- og anleggprosjekt i Sula kommune.                     |
| PS 03/26 | Oppfølging av sak 25/25 Investeringsprosjekt Rørstadmarka.                                        |
| PS 04/26 | Rapport etter interimrevisjon 2025                                                                |
| PS 05/26 | Handsaming av prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 innan demensomsorg.                          |
| PS 06/26 | Deltaking i felles bestilling av forvaltningsrevisjon<br>Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS |
| PS 07/26 | Sakframlegg Årsmelding 2025                                                                       |

## **PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

**Sula kontrollutval 11.02.2026**

### **SUKU 01/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

### **Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

## **PS 02/26 Orienteringar**

### **OS 01/26 Orientering om nye retningslinjer for bygg- og anleggprosjekt i Sula kommune.**

**Sula kontrollutval 11.02.2026**

### **SUKU 01/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet har tru på at dei nye retningslinjene vil fungere på nye bygg- og anleggprosjekt i framtida.

### **Behandling i møtet**

Nytt punkt 2, foreslått av Trygve Holm:

Kontrollutvalet har tru på at dei nye retningslinjene vil fungere på nye bygg- og anleggprosjekt i framtida.

Einingsleiar John - Magne Eikrem gav kontrollutvalet ei grundig orientering om dei nye retningslinjene. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere konsekvensar av desse.

Samrøystes vedteke.

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

**PS 03/26 Oppfølging av sak 25/25 Investeringsprosjekt Rørstadmarka.****Sula kontrollutval 11.02.2026****SUKU 03/26 Vedtak:**

Sula kontrollutval bestiller ein undersøkingrapport av overskridingane på Rørstadmarka gang- og sykkelveg i tråd med notatet frå Møre og Romsdal revisjon SA datert 29. september 2025 og dei punkta som kjem fram i saka og i møte i kontrollutvalet 11. februar 2025.

Rapporten skal omfatte:

Var det gitt og fulgt opp eit klart mandat i prosjektet?

Vil dei nye vedtekne retningslinjene innan bygg- og anleggprosjekt forhindre slike overskridingar i framtida?

Rapporten frå Møre og Romsdal Revisjon SA skal ha ei ramme på maks 100 timar.

**Behandling i møtet**

Nytt punkt, foreslått av Trygve Holm:

Rapporten skal omfatte:

Var det gitt og fulgt opp eit klart mandat i prosjektet?

Vil dei nye vedtekne retningslinjene innan bygg- og anleggprosjekt forhindre slike overskridingar i framtida?

Rapporten frå Møre og Romsdal Revisjon SA skal ha ei ramme på maks 100 timar.

Dagleg leiar i Møre og Romsdal Revisjon SA fortalde om moglege tilnærminga til ein rapport som vurderte manglar og feil ved budsjettoverskridinga ved Rørstadmarka gang- og sykkelveg. Kontrollutvalet diskuterte prosessen vidare og ynskjet om å rapportere tilbake sine funn til Sula kommunestyre.

**Sekretariatet si innstilling:**

Sula kontrollutval bestiller ein undersøkingrapport av overskridingane på Rørstadmarka gang- og sykkelveg i tråd med notatet frå Møre og Romsdal revisjon SA datert 29.

september2025 og dei punkta som kjem fram i saka og i møte i kontrollutvalet 11.februar 2025.

Sekretariatet skal ha dialogen med revisjonen på anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring.

## **PS 04/26 Rapport etter interimrevisjon 2025**

**Sula kontrollutval 11.02.2026**

### **SUKU 04/26 Vedtak:**

Sula kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2025 frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

### **Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sula kontrollutval tek interimrevisjonsrapporten 2025 frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

## **PS 05/26 Handsaming av prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 innan demensomsorg.**

**Sula kontrollutval 11.02.2026**

### **SUKU 05/26 Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan demensomsorg i Sula kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

## **Behandling i møtet**

Forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik presenterte prosjektplanen og fokuserte på moglege problemstillingar innan demensomsorg. Kontrollutvalet diskuterte planen og var samde i gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen.

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan demensomsorg i Sula kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

## **PS 06/26 Deltaking i felles bestilling av forvaltningsrevisjon Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS**

**Sula kontrollutval 11.02.2026**

### **SUKU 06/26 Vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Sula kommune vil delta i ein felles bestilling av forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjon rapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar.
3. Sula kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenestar 2026.
4. Sula kontrollutval har følgande kommentarar til bestilling av forvaltningsrevisjon:

Sula kontrollutval ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal ha fokus på om selskapet Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS driv sin verksemd i tråd med lovverket og har formålstenelege tenestar til eigarkommunane.

## **Behandling i møtet**

Merknad frå Sula kontrollutval, foreslått av Randi Nyhaug:

Sula kontrollutval ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal ha fokus på om selskapet Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS driv sin verksemd i tråd med lovverket og har formålstenelege tenestar til eigarkommunane.

Samrøystes vedteke.

**Sekretariatet si innstilling:**

1. Kontrollutvalet i Sula kommune vil delta i ein felles bestilling av forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjon rapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar.
3. Sula kommune sin andel vert finansiert av budsjettett ramme for revisjonstenestar 2026.
4. Sula kontrollutval har ingen kommentarar/følgande kommentarar til bestilling av forvaltningsrevisjon.

## **PS 07/26 Sakframlegg Årsmelding 2025**

**Sula kontrollutval 11.02.2026**

**SUKU 07/26 Vedtak:**

Sula kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2025. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

**Behandling i møtet**

Samrøystes vedteke.

**Sekretariatet si innstilling:**

Sula kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2025. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.